



Alpinkomiteen@

Sakshand.: RE/ KD

Dato: 21.06.2023

Arkivk.: ak/møter/innkalling/23-25

## PROTOKOLL TIL MØTE NR. 01 I ALPINKOMITEEN, 2023-2025

**Stad:** Skei, Thon Hotell Jølster  
**Tidspunkt:** Onsdag 21. juni 2023, kl. 18.00-21.00

### Sakliste

#### REFERATSAKER

**SAK 01 21-23** Godkjenning av innkalling og sakliste

#### DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

**SAK 02 21-23** Konstituering av Alpinkomiteen 2023-2025

**SAK 03 21-23** Rammer for sportsleg opplegg sesongen 23-24

**SAK 04 21-23** Handlingsplan 2023-2025

#### RAPPORTERING

**SAK 05 21-23** Rekneskapsrapport pr. 19.06.2023

#### EVENTUELT

---

**TIL STADES:** Roger Ellingsund, Cato Vik, Fabian Bergqvist, Atle Sæterbakken, Rakel Sunde, Elisabeth Sætren, og Kennet Dvergedal (adm.)

#### FORFALL:

#### MERKNADER:

**REFERENT:** Kennet Dvergedal

---

#### REFERATSAKER

**SAK 01 21-23** Godkjenning av innkalling og sakliste  
**Bakgrunn**

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

#### VEDTAK:

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

## **DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**

### **SAK 02 21-23**

#### **Konstituering av Alpinkomiteen 2023-2025**

##### **Bakgrunn**

Arbeidsfordeling og val til følgende funksjonar:

- Nestleiar
- Medlem til anleggskomiteen
- Sportsleg ansvarleg
- Økonomi/sponsor ansvarleg
- Utdanning/ utvikling ansvarleg
- Rekruttering ansvarleg
- Terminliste ansvarleg
- etc.

##### **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer følgende fordeling av funksjonar:

- Nestleiar – Elisabeth Sætren
- Anleggskomite - Cato Vik
- Sportsleg ansvar – Cato Vik og Atle Sæterbakken
- Økonomi/ sponsor ansvar – Roger Ellingsund
- Utdanning/ utvikling ansvar – Atle Sæterbakken
- Rekrutteringsansvar – Fabian Bergqvist og Rakel Sunde
- Terminliste ansvar – Elisabeth Sætren

Kontaktperson freeski:

- Rakel Sunde

### **SAK 03 21-23**

#### **Rammer for sportsleg opplegg sesongen 23-24**

##### **Bakgrunn**

Komiteen drøfta følgende punkt i møtet:

- Rekruttering
  - o Samlingar for alle
- Krinslagstrenerar
  - o Bruke lokale klubbtrenerar
  - o Engasjere eksterne trenerar frå skiskular
- Samlingsplan - ski
  - o Juvass haustferien 12.-15. oktober
  - o Samlingar i mai/ juni 2024 (pinsehelga)
- Barmarkssamlingar
  - o 23. september, Sogndal/ Leikanger (trenar: Atle Sæterbakken)
  - o 27.-28. oktober, Sandane med overnatting (trenar: ikkje avklara)
- Kommunikasjon
  - o E-postliste med føresette, sende ut nyheitsbrev
- Deltaking på skiskular (t.d. ARA)
- Terminliste
  - o Sonerenn
- Etc.

### **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om å legge til rette for barmarksamling i september og oktober, i tillegg til skisamling på Juvas i haustferien. Vidare legg alpinkomiteen til rette for skisamlingar våren 2024. Einengasjerer lokale klubbtreningar og foreldre, i tillegg til trenarar frå eksterne skiskular. Komiteén jobbar vidare med å få på plass ein fast krinslagstrenar.

Vidare vil ein invitere klubbar med freeski aktivitet med på alle samlingar, dersom det er forhold.

Alpinkomiteen gjer vedtak om å vidareføre ordning med å substituere løparar som deltek på nasjonale skiskular med kr. 500,- pr samlingsdøgn (inntil 20 døgn).

### **SAK 04 21-23**

#### **Handlingsplan 2023-2025**

##### **Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan 2023-2025 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2023.

I møtet handsama komiteen handlingsplanen, drøfta alpinkomiteen sine tiltak, samt avklara vidare ansvarsfordeling.

Planen finn ein vedlagt.

### **VEDTAK**

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp handlingsplanen i høve til drøfta arbeidsfordeling og tidsfristar.

### **RAPPORTERING**

#### **SAK 05 21-23**

#### **Rekneskapsrapport pr. 19.06.2023**

##### **Bakgrunn**

Rekneskapsrapport er sendt ut som eige vedlegg. Rapporten vart presentert i møtet.

Nøkkeltal frå rapporten;

<i>Inntekter AK:</i>	<i>kr. 141 850,-</i>
<i>Kostnadar AK:</i>	<i>kr. -195 721,-</i>
<i>Resultat AK:</i>	<i>kr. -53 871,-</i>

*Eigenkapital AK pr. 31.12.2022:*    *kr. 809 128,-*

### **VEDTAK**

Alpinkomiteen tek rapporten til orientering.

### **EVENTUELT**



**Neste møte i alpinkomiteen: Thon Hotel Skei i slutten av august (veke 35)**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Roger Ellingsund (s)  
Leiar AK

Kennet Dvergedal (s)  
Adm. sjef